
Fra: Jon Askeland

Sendt: 16. oktober 2015 11:07

Til: 'Jan Tore Hvidsten'

Kopi: Arild Tveranger; Jarle Landås; Tonje Husum Aarland; Eva Karin Klausen; Astrid Nordanger

Emne: SV: SV: Kontrollutvalet Radøy - møteutskrift og særutskrift til kommunestyret

Eg vil nødvendig ha eit stort ordskifte i saka, og det er gode argument for ulike måtar å angripa dette på.

Men, eg står fast ved at når me likevel er i starten på ein ny kommunestyreperiode, så meiner eg at det rettaste er at det nye kontrollutvalet kjem med eit samla framlegg til forvaltningsrevisjon. Det vert litt «høk over høk» når det gamle kontrollutvalet kjem med framlegg om ekstrarevisjon i det siste møtet, og at det nykonstituerte kommunestyret skal starta med dette, utan å få ei samla oversikt over prioriteringar.

Dette har også ei økonomisk side,- ein forvaltningsrevisjon kostar mellom 200.000,- og 300.000,- kroner, så eg står fast ved å rå både kontrollutval og kommunestyre om å laga ein samla plan. I tillegg har den nyleg avgitte forvaltningsrevisjonen kome med merknader som administrasjonen skal følgja opp, så me må sikra at den samla planen også har ressursar til etterarbeidet.

Kan eit framlegg til løysing vera at det nyvalde kontrollutvalet kjem saman snarast råd etter konstitueringa og framskandar planarbeidet med forvaltningsrevisjon, slik at dette kan takast anten i desembermøtet eller det første møtet i januar?

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

WWW.radoy.kommune.no



Fra: Jan Tore Hvidsten [<mailto:jan.tore.hvidsten@tine.no>]

Sendt: 16. oktober 2015 10:21

Til: Jon Askeland

Kopi: Arild Tveranger; Jarle Landås; Tonje Husum Aarland; Eva Karin Klausen; Astrid Nordanger

Emne: Ad: SV: Kontrollutvalet Radøy - møteutskrift og særutskrift til kommunestyret

Hei!

Er det ikkje slik at eit når kontrollutvalet gjer eit vedtak og kjem med ei tilråding til kommunestyret , så skal saka leggjast fram for kommunestyret ? Så er det kommunestyret som gjer vedtak ? Om ikkje saka kjem opp på første møtet, så skal vel saka opp når administrasjonen har forbereda saka. Etter mi meining var eit samla kontrollutval einig om at dette var ei viktig sak , og at vi ville be om ein ekstra revisjon som var

utanom den vedtekne planen.
Vert ikkje dette rett ? Eller ?

Helsing.
Jan Tore Hvidsten
Tlf. 99237769
jan.tore.hvidsten@tine.no

Fra: Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>
Til: Arild Tveranger <agtve@online.no>, Jarle Landås <Jarle.Landas@radoy.kommune.no>
Cc: Tonje Husum Aarland <tonje.husum.aarland@nordhordland.net>, "Eva Karin Klausen" <eva@radoy-auto.no>, Astrid Nordanger <nordast@online.no>, " Jan Tore Hvidsten" <jan.tore.hvidsten@tine.no>
Dato: 15.10.2015 14:10
Emne: SV: Kontrollutvalet Radøy - møteutskrift og særutskrift til kommunestyret

Hei!

I det konstituerande møtet legg me ikkje opp til så mange saker.

Elles er det mitt syn at det nyvalde kontrollutvalet som vanleg lagar ei samla tilråding over framlegg til forvaltningsrevisjonar, som kommunestyret drøftar og fattar vedtak i. Er ikkje dette det normale og korrekte? Eg er tvilande til at me plukkar ut ei einskild forvaltningsrevisjon utanom tur. Det bør vera ein samla plan, som er drøfta og vedteken.

Difor har eg lyst å senda nettopp den ballen over til det nye kontrollutvalet,- å koma med sak på framlegg til forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.

Med helsing
Jon Askeland
Ordførar
Radøy kommune
Tlf 47 45 97 20
Tlf 56 34 90 10
WWW.radoy.kommune.no



Fra: Arild [<mailto:agtve@online.no>]

Sendt: 9. oktober 2015 17:33

Til: Jon Askeland; Jarle Landås

Kopi: Tonje Husum Aarland; Eva Karin Klausen; Astrid Nordanger; ' Jan Tore Hvidsten'

Emne: Fw: Kontrollutvalet Radøy - møteutskrift og særutskrift til kommunestyret

Hei.Lurer på når forslaget om forvaltningsrevisjon av barnevern fra KU blir lagt fram til behandling i kommunestyre?Ser ikkje at det er på agenda på kommunestyremøte 22.oktober.

Mvh Arild Tveranger.

----- Original Message -----

From: [Tonje Husum Aarland](#)

To: [Arild Tveranger](#) ; nordast@online.no; jan.tore.hvidsten@tine.no; [Eva Karin Klausen](#) ; [Arvid Aasgård](#)

Cc: [Postmottak Radøy](#) ; avisa@nordhordland.no; avisa@strilen.no; [Jarle Landås](#) ; [Jon Askeland](#) ; [Reidar Bjørsvik](#) ; [Bent Gunnar Næss](#) ; [Sveinung Kvamme](#) ; [Randi Rykkje](#) ; [Tonje Husum Aarland](#)

Sent: Tuesday, September 15, 2015 3:41 PM

Subject: Kontrollutvalet Radøy - møteutskrift og særutskrift til kommunestyret

Vedlagt er møteutskrift frå kontrollutvalet sitt møte 15.09.2015.

Der er også ein særutskrift med forslag til vedtak i kommunestyret.

Neste møte i kontrollutvalet er 22. september kl. 09.00

Med venleg helsing

Tonje Husum Aarland

Sekretariat i kontrollutvalet | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland

Tlf: 92858413 | www.nordhordland.net

**** Bemerk: Denne forsendelse kan inneholde fortrolig informasjon. Hvis du har mottatt forsendelsen feilaktig, vennligst gi avsender beskjed og tilintetgjør forsendelsen inkl. alle evt. vedlegg uten å kopiere eller offentliggjøre innholdet. Vennligst merk at TINE SA og avsender

fraskriver seg ethvert ansvar for virus, og andre evt. feil ved meldingen, samt for skade eller tap som meldingen måtte medføre. Takk for hjelpen.

*** NOTICE: This communication may contain privileged or other confidential information. If you have received it in error, please advise the sender by reply email and immediately delete the message and any attachments without copying or disclosing the contents. Please note that neither TINE SA nor the sender accepts any responsibility for viruses, errors and losses incurred by this communication.